TVO
Utdanningsforbundet

TV3	ALLE TARIFFOMRÅDER

Kursguide

Møre og Romsdal

Scandic Alexandra Hotel, 22.-23. januar 2025

1. Mål og førebuing

Velkomen til kurs

Måla for TV3

Som ny arbeidsplasstillitsvald i Utdanningsforbundet er du no vorten del av eit stort fellesskap som jobbar mot felles mål.

Du skal snart på det første kurset ditt som ny arbeidsplasstillitsvald. I denne guiden får du informasjon om opplæringa du skal få. Grunnopplæringa for arbeidsplasstillitsvalde er bygd opp med fire kurs i ein trinn-struktur. Alle kursa skal gjennomførast det første året som tillitsvald og du må ha delteke på alle kursa for å få grunnopplæringa godkjend.

Måla for kvart kurs er delt opp etter dei fem kjernetemaa som går gjennom heile grunnopplæringa. For TV3 er det følgjande mål:

Klubbarbeid og fagforeiningsbevisstheit

- Har innsikt i handtering av krevjande saker som kan oppstå i klubben
- Veit korleis arbeidsplasstillitsvalde kan bruke lokallaget som støtte

Hovudavtala, medråderett

- Kjenner den arbeidsplasstillitsvalde si rolle i budsjett- og omstillingsprosessar på arbeidsplassen

Løns- og arbeidsvilkår

- Har god innsikt i arbeidstidsavtalene i skule/barnehage
- Er medviten om korleis den tillitsvalde kan påverke for å få gjennomslag for Utdanningsforbundet sin politikk på forskjellige områder

Profesjonsbevisstheit

- Kan bruke profesjonsfagleg argumentasjon i konkrete saker

Kommunikasjonsferdigheiter

- Veit korleis ein kommuniserer godt som arbeidsplasstillitsvald i møte med andre
- Veit korleis klubben skal informerast undervegs i krevjande saker og prosessar

Førebuing til TV3

På slutten av TV2 fekk de to oppgåver som førebuing til TV3.

1. Kva er den mest utfordrande saka dette året for deg som tillitsvald? Førebu deg på å gi ein kort (1-2 min.) presentasjon i det innleiande gruppearbeidet under kurset.
2. Dialog med klubben- Kva er dine medlemmer oppteken av?

I starten av TV3 skal vi ta opp desse oppgåvene.

2. Oversikt over kurset

Opplegget

Størsteparten av TV3 dreiar seg om jobbing med litt større casar, med fleire oppgåver og diskusjonar rundt desse. Dialogduk vil være hovudmetoden, men på dag 1 vil vi supplere med eit par casar presentert som *fotohistorier*.

Dag 2 deler vi gruppa fortrinnsvis i skule og barnehage. Har vi deltakare frå andre medlemsområder prøvar vi legge til rette for fleire grupper.

Timeplan

DAG 1

Tid	Kva skjer?
10.00 – 10.20	ÅPNING • Presentasjon av kursledere og opplegg • Presentasjon av deltakerne
10.20 – 11.30	UTFORDRINGER OG DILEMMA • Gruppeoppgave på forsiden av dialogduk 1
11.30 – 12.15	*Lunsj*
12.15 – 15.00	PERSONALSAKER OG KONFLIKTHÅNDTERING • Casearbeid med utgangspunkt i fotohistorie • Gruppeoppgaver på midtsiden av dialogduk 1
15.00 – 15.15	*Pause*
15.15 – 17.30	TILSETTINGER • Introduksjonsforelesning • Casearbeid med utgangspunkt i fotohistorie • Gruppeoppgaver på baksiden av dialogduk 1

DAG 2

Tid	Kva skjer?
09.00 – 11.30	CASEARBEID, ALLE KJERNETEMAER • Gruppeoppgaver på dialogduk 2 med utgangspunkt i case
11.30 – 12.30	*Lunsj*
12.30 – 13.35	CASEARBEID forts. • Videre på oppgaver
13.35 – 13.50	*Pause*
13.50 – 14.30	Fylkeslagets tid, aktuelle saker
14.30 – 15.00	AVSLUTNING • Spørsmål og oppsummering- Refleksjonsøvelse • Veien videre

Gå inn på Grunnopplæring. Nedst på sida til grunnopplæringa finn de inngangar til kvart tariffområde:

Under kvart tariffområde ligg dei einskilde kursa (TV1 og TV4 er like før alle):

Under kvart kurs ligg informasjon om mål og førebuing for deltakarane, samt alle læremidla til kurset.

Merk at hos private barnehagar er TV2 og TV3 satt opp som eit kurs på denne sida. Innhaldet er det same.

Kursleiarar på kurset er:

- Monica Lunde Ludvigsen, fylkesstyremedlem, monlud@udf.no, 95 13 96 86
- Linn Kjøl Oldervik, fylkesstyremedlem, linold@udf.no, 95 49 31 63

***

UTDANNINGS
FORBUNDET